

DELRAPPORT 1 –SKULESTRUKTUR / BARNEHAGESTRUKTUR

For Ny organisering av Oppvekstsektoren i Giske Kommune

Korrigerte tekstavsnitt per 27.02.2020:

7.3.4 [Gevinstrealisering s 39 \(2. avsnitt\)](#)

«Vi vurderer det som positivt å kunne skape ein felles ungdomskultur for dei som veks opp i Giske kommune, og at tilbodet dei får, fagleg og sosialt, vert mest mogleg likeverdig. Fagleg vert det også vurdert som barns beste og også positivt for elevar og tilsette å samle barnetrinnet på Godøy på ein plass, der også skuleleiinga er lokalisert. Dessutan slepp elevane eit skulebytte mellom småsteg og mellomsteg, eit miljøskifte som kan vere krevjande for enkelte elevar.»

Endra til:

«Vi vurderer det som positivt å kunne skape ein felles ungdomskultur for dei som veks opp i Giske kommune, og at tilbodet dei får, fagleg og sosialt, vert mest mogleg likeverdig. Fagleg vert det også vurdert som positivt for elevar og tilsette å samle barnetrinnet på Godøy på ein plass, der også skuleleiinga er lokalisert. Dessutan slepp elevane eit skulebytte mellom småsteg og mellomsteg, eit miljøskifte som kan vere krevjande for enkelte elevar.»

7.4.1 [Faglege vurderingar s 42 \(4. avsnitt\)](#)

«Fagmiljøet blant dei tilsette er vesentleg større på Valderøy barneskule, noko som gir større handlingsrom både praktisk, fagleg og pedagogisk. Dette gir for det første betre moglegheiter til å dekke gjeldande kompetansekrav for undervisning. Samtidig vert det forventa av eit betydeleg større fagmiljø å kunne betre moglegheitene til tilfredsstillande rekruttering av kompetent personell ved ledige stillingar. Ein større skule vil også kunne ha betre føresetnader for å rekruttere nødvendig spisskompetanse, dette kan til dømes knyte seg til spesialpedagogikk, leseopplæring og fagspesifikke kompetanser. Giske skule gir i dag eit delvis fådelt tilbod, untatt 7. trinn. Lærar ved fådelte skular må i større grad ta oppgåver utanfor deira kompetanse, noko som kan forringe tilbodet. I tillegg vil fådelt inndeling gje stor spreining i kognitive forutsetningar og sosiale forutsetningar hos elevane.»

Endra til:

«Fagmiljøet blant dei tilsette er vesentleg større på Valderøy barneskule, noko som gir større handlingsrom både praktisk, fagleg og pedagogisk. Dette gir for det første betre moglegheiter til å dekke gjeldande kompetansekrav for undervisning. Samtidig vert det forventa av eit betydeleg større fagmiljø å kunne betre moglegheitene til tilfredsstillande rekruttering av kompetent personell ved ledige stillingar. Ein større skule vil også kunne ha betre føresetnader for å rekruttere nødvendig spisskompetanse, dette kan til dømes knyte seg til spesialpedagogikk, leseopplæring og fagspesifikke kompetanser.»

7.6.5 [Gevinstrealisering s 47](#)

«Dei største gevinstane ved å samlokalisere dei to kommunale barnehagane er eit større fagmiljø for dei tilsette og eit tilbod med større mangfald for barna. I tillegg sikrar ein i større grad at barna har nokon med fagutdanning som jobbar opp mot seg. Alternativet vil gjere drifta rimelegare, noko om også vil føre til reduserte kostnader til overføringar til private barnehagar.

Dersom ein slår saman dei to kommunale barnehagane til ein større barnehage, må den vere lokalisert i eit større bygg (til eksempel eit skulebygg). Det vil sei at dei bygga som vert brukt til barnehage i dag vil stå tomme, og ein sparar kostnader på å halde dei i drift. Kommunen kan tene pengar på å selje, men bør unngå å selje til private barnehageeigarar, då det vil føre til større konkurranse, og ein stor risiko for å ikkje klare å fylle dei kommunale barnehagane. Særskilt om dette skjer på Vigra, der det er stor søkjarmasse.»

Endra til:

«Dersom ein slår saman dei to kommunale barnehagane til ein større barnehage, må den vere lokalisert i eit større bygg (til eksempel eit skulebygg). Det vil sei at dei bygga som vert brukt til barnehage i dag vil stå tomme, og ein sparar kostnader på å halde dei i drift. Kommunen kan tene pengar på å selje, men bør unngå å selje til private barnehageeigarar, då det vil føre til større konkurranse, og ein stor risiko for å ikkje klare å fylle dei kommunale barnehagane. Særskilt om dette skjer på Vigra, der det er stor søkjarmasse.»